

**VEDTEKTER FOR UNDHEIM BARNEHAGE**  
Sist endra av Time kyrkjelege fellesråd 26.01.2022

**§ 1 Eigartilhøve og ansvar for drift av barnehagane.**

Time kyrkjelege fellesråd eig og driv barnehagen, og byggjer verksemda si på Den Norske kyrkja sin grunn.

**§ 2 Formål**

- 2.1 Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd. Den skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, Kunnskapsdepartementet sine forskrifter, nasjonal rammeplan og barnehagen sine vedtekter og årsplan.
- 2.2 Barnehagen legg vid praktisering av lova si kristne formål til grunn, og skal hjelpa til å gje barna ei kristen oppseding.
- 2.3 Barnehagen skal vera ei kvalitativ god og fleksibel teneste som tek sikte på å imøtekomma dei behov innbyggjarane i Time har.

**§ 3 Opptak**

- 3.1 Opptakskrets er barn som bur i Time kommune, og barn med lovfesta rett til barnehageplass. Barn med lovfesta rett, er barn mellom 1-5 år. Barnet må fylla 1 år seinast innan utgangen av november det året dei søker om barnehageplass. ( jfr Barnehagelova § 12a ).
- 3.2 Det er eit hovedopptak til barnehagen. Hovedopptaket er i perioden 1.mars tom 31.mai. Søknadsfristen er 1.mars.
- 3.3 Ved tildeling av plass etter hovedopptaket, må barnet vera 9 mnd ved oppstart.
- 3.4 Barn som søker innan fristen for hovedopptaket, og som har lovfesta rett til barnehageplass, vil få plass før ein tek inn barn som søker etter fristen.
- 3.5 Opptak av barn skjer i samsvar med kriterium for samordna opptak som er sett i Time kommune.
- 3.6 Prioritet ved opptak skjer i fylgjande rekkjefølgje:
  - a) Barn med funksjonshemming skal ha prioritet ved opptak dersom barnet etter sakkunnig vurdering er funne å kunna ha nytte av opphald i barnehage ( jfr. § 13 i Lov om barnehagar ). Barn som er omfatta av omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemnda i medhald av Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 ( jfr. 7-2 første ledd).

- b) Barn frå familiar som har store belastningar pga alvorleg sjukdom og/eller funksjonshemming, kan søkje om prioritert plass. Søknad må sendast oppvekst og vera dokumentert med skriftleg tilråding frå ppt-kontor, helsesyster, lege eller barnevern.
  - c) Barn av foreldre som er ein del av introduksjonsordninga i Time kommune.
  - d) Barn som skal gå siste året i barnehage før skulestart, og som ikkje har barnehageplass, eller som ikkje har plass i sitt nærskuleområde
  - e) Syskenprioritet i same barnehage. Det vert gitt prioritert plass til sysken av barn som alt har plass, og som skal fortsetta i barnehagen.
  - f) Personalplass til tilsette i Time kyrkjelege fellesråd. Prioriteringa gjeld i følgjande rekkefølge: tilsette i Undheim barnehage , deretter tilsette i barnehagen i Bryne kyrkje og til slutt øvrige tilsette i fellesrådet. Dersom den tilsette sluttar i stillinga , mistar barnet barnehageplassen, og kan søkje om ordinær kommunal plass for dei som bur i Time kommune.
  - g) Er det fortsatt ledig plass etter hovedopptaket, kan dette tilbys barn frå andre kommunar
- 3.7 Tildelt plass gjeld fram til skulepliktig alder, dvs frå opptaksdato til nytt barnehageår 15.august det året barnet fyller 6 år.

#### **§ 4 Opningstida**

- 4.1 Nytt barnehageår startar 15.august.
- Barnehagen har ope 11 månadar og 2 veker.
  - Barnehagen har feriestengt dei 2 siste vekene i juli måned.
  - Julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag held barnehagen stengd.
- 4.2 Barna må ha minst 5 veker ferie i løpet av barnehageåret.
- 3 ferieveker må takast samanhengande i perioden 1.juni - 15.august.
  - Planleggingsdagane kan reknast som ferie.
  - Foreldre som kan dokumentere at dei ikkje har tariff-festa rett på dei siste 4 feriedagane opp til 5 veker, får dispensasjon for desse 4 dagane.
  - Foreldre må gje melding om barnet sin sommarferie innan 1.mai.
- 4.3 Personalet i barnehagen har rett til 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagen stengd.
- 4.4 Maksimum opphaldstid pr dag er 9 timar.

## **§ 5 Betaling**

- 5.1 Betaling for barnehageplass skjer etter «Forskrift om foreldrebetaling i barnehage» og vert vedteke av Time kommunestyre ved behandling av økonomiplanen. Kommunen har utarbeidd eigne retningslinjer for fastsetting av betalingsssatsar og betalingsrutinar.

Betaling for kost kjem i tillegg til ordinær foreldrebetaling og skal dekkja dei faktiske utgiftene barnehagen har (sjølkostprinsipp)

- 5.2 Ved tildeling av plass, skal føresette få informasjon om betalingsssatsar, betalingsrutinar og retten til å søkja om redusert betaling ved låg inntekt
- 5.3 Husstandar med låg inntekt kan ut frå nasjonale reglar, søkja om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.
- 5.4 Årsbetalinga vert fordelt på 11 mnd, juli er betalingsfri. Dersom avgifta ikkje vert betalt på føreskriven måte, kan det føra til oppseiing av plassen om det manglar betaling utover 2 mnd.

## **§ 6 Oppseiing**

- 6.1 Oppseiing av barnehageplass skal gjerast elektronisk til barnehagen.
- Oppseiingstida er på 2 mnd, og gjeld frå den 1. i kvar månaden.
  - Ved oppseiing etter 1 mars, må det betalast ut barnehageåret, til 15.august. Dvs at barn som ynskjer å slutta etter 30.april, må betala for mai, juni og halve august, sjølv om plassen ikkje vert nytta.
  - Det kan berre søkjast fritak frå betaling etter oppseiingsmånaden dersom barnet flyttar frå kommunen.
- 6.2 Ved flytting ut av kommunen, gjeld reglane for oppseiing. Ein kan etter søknad til styrar, behalda barnehageplassen, ut påbegynt halvår.
- 6.3 Eigar kan seie opp ein barnehageplass ved:
- Manglande betaling.
  - Dersom ein oppgjer urette opplysningar ved opptak.
  - Dersom barnet uteblir frå barnehagen i lengre tid, utan at personalet er varsla.
  - Dersom familien flyttar ut av kommunen

## **§ 7 Forelderåd og samarbeidsutval**

Kvar barnehage skal ha eit forelderåd og eit samarbeidsutval, jfr. § 4 og § 5 i Lov om barnehagar.

- Forelderådet består av foreldre/føresette til alle barn i barnehagen .
- Samarbeidsutvalet består av 2 repr frå foreldre/føresette og 2 repr frå tilsette. Eigar har 1 repr

## **§ 8 Leike- og opphaldsareal per barn**

### **8.1 Hovudregel for arealutnytting :**

- For barn over 3 år : 4 kvm netto leike- og opphaldsareal.
- For barn under 3 år : 5,3 kvm netto leike- og opphaldsareal.

### **8.2 Eigar/huseigar kan bruke areala utanom barnehagen si opningstid, og er ansvarleg for utleige**

## **§ 9 Internkontroll**

Barnehagen er omfatta av Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.f.

Det skal finnast dokumentasjon for internkontrollsystem i kvar barnehage.

## **§ 10 Barnas helse**

Før barnet begynnar i barnehagen, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse . Dersom barnet har møtt til ordinær undersøking på helsestasjonen, kan ei slik erklæring verta gitt av føresette.

## **§ 11 Forsikring**

Barnehagen har ulykkesforsikring for barna.

- Forsikringa gjeld reise til/frå barnehagen og heimen ved levering og henting, og den tida barna er i barnehagen.
- Forsikringa gjeld ikkje tap av personlege eigendelar.

## **§ 12 Teieplikt og meldeplikt**

For folkevalde, administrasjon og tilsette i barnehagane, gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 - 13 f.

Alle tilsette i barnehagen, har opplysningsplikt til barnevernet jfr Barnehagelova § 22.

## **§ 13 Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene skal gjerast av Time kyrkjelege fellesråd. Endringane skal sendast kommunen til orientering.

